



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 OSLO

Kontakt saksbehandlar

Maren Kjelsnes, 51 56 87 09

Oversending av klagesak gnr/bnr 106/78 i Karmøy kommune

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av to hagestuer og levegg på gnr/bnr 106/78 i Karmøy kommune. Omsøkt tiltak ligg i eit område som i kommuneplan er vist som LNF-område. Tiltaka ligg i 100-metersbelte langs sjø og overskrid føresegna i kommuneplanen om maksimal utnyttingsgrad.

I brev av 06.12.2021 sendte kommunen dispensasjonssøknaden på høyring til Statsforvaltaren.

I brev av 15.12.2021 uttalte vi oss til saka kor vi rådde i frå dispensasjon. Bakgrunnen for frårådinga var at den aktuelle eigedomen har ein eksponert plassering og at byggetiltaket vil auke det bebygde preget i området som vil vere uheldig med omsyn til landskapsverdiane i området. Vi viste vidare til at tiltaka medførte forholdsvis stor overskriding av avgrensingane som er satt for bygging i LNF-områda og i strandsona i kommuneplanen. Dette vil kunne gi presedens for liknande sakar.

På bakgrunn av Statsforvaltarens fråråding sendte Karmøy kommune eit varsel om avslag til tiltakshavar den 05.01.2022. Karmøy kommune fekk ei uttale til varselet den 27.01.2022 frå tiltakshavar. Kommunen gjorde den 04.02.2022 vedtak om å gi dispensasjon. Vi fekk melding om vedtaket den 07.02.2022.

I brev av 15.02.2022 klaga vi på kommunen sitt vedtak av 04.02.2022 med same bakgrunn som i vår fråråding. Blant anna viste vi til at ein dispensasjon fører til negativ landskapsverknad i strandsona, at det vil bidra til å oppretthalde ei lempeleg praksis knytt til størrelse på bygningar i LNF-områda og at ein dispensasjon vil gi presedens for andre likande sakar.

Kommunen ved Hovedutval teknisk og miljø handsama vår klage i møte den 31.05.2022, som sak HTML-065/22 kor dei gjorde vedtak om ikkje å ta vår klage til følgje. Vi fekk melding om vedtaket den 13.06.2022, men blei grunna ferieavvikling ikkje fordelt riktig saksbehandlar før 19.08.2022.

Vi ber om oppnemning av settstatsforvaltar for handsaming av klagesaka.

Saksdokumenta vil bli sendt direkte til klageinstans ved oppfordring.



Med helsing

Rune Lian (e.f.)
seniorrådgivar

Maren Kjelsnes
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

KVALA ARKITEKTER AS
Lene Østensen
Karmøy kommune

Vestheimvegen 49
Fosnanesvegen 71
Postboks 167

4250
5546
4291

KOPERVIK
Røyksund
KOPERVIK